



# PROGRAM

Kommunevalet 1987



Høyanger RV sitt arbeid 1984 — 1987	s. 2
Høyanger RV sitt program 1988 — 1991	s. 5
Høyanger RV si valliste 1987	s. 19

## Høyanger RV sitt arbeid 1984-87

Ved kommunestyrevalet for 4 år sidan blei Raud Valallianse (RV) for første gong representert i Høyanger kommunestyre. Med våre 129 stemmer fikk vi 1 representant og mangla bare ei handfull stemmer på 2 representantar.

RV-representanten har utan tvil vore den mest aktive i kommunestyret både når det gjeld innlegg og forslag. RV har stått for noe som ingen av dei andre partia verken kan eller vil. Vi vil på dei følgjande 3 sidene legge fram noen av dei viktigaste skilja mellom RV og dei andre partia.

### DET BLEI DYRARE

Kommunestyret fastset kvart år ein del avgifter og prisar. Frå 1983 til 1987 har følgjande skjedd:

- Husleiga auka med 36 %
- Vassavgifta auka med 30 %
- Kloakkavgifta auka med 30 %
- Renovasjonsavgifta auka med 43 %
- Straumprisane auka med 40 % og verre vil det bli.

RV var aleine mot dette. Fordi overalt er politikken vår å for-  
svare vanlege folk sine økonomiske interesser. På arbeidsplass-  
ane kjempar vi som faglege tillitsvalte for å få lønna opp. I  
kommunestyret for å halde avgiftene og prisane nede.

Uil DU at denne politikken framleis skal vere representert i kommunestyret? Da er RV einaste alternativet!

### PAMPERI OG SLØSERI

- \* Ordførargodtgjersla auka med 56 % til 244.307 kr medan indu-  
striarbeidarlønna auka med 30-40 %.
- \* "Folkevalde" får møtegodtgjersle på 200-250 kr pr. dag i til-  
legg til dekning av tapt lønn.
- \* Partia får ei årleg støtte på over 40.000 kr.

Bare RV stemte mot dette. Vi foreslo at ordføraren skulle ha same lønna som han ville hatt i sitt siste yrke, at det er nok at tapt lønn blir dekket og at partia får klare seg sjølve. Vi ville bruke desse pengane til gode for folk flest.

Uil DU at denne politikken framleis skal vere representert i kommunestyret? Da er RV einaste alternativet!

### INTERNASJONAL SOLIDARITET

RV var det partiet som tok initiativ til at kommunestyret skulle vedta avskyresolusjon mot rasist-regimet i Sør-Afrika og som gikk lengst i forslaget om boikott.

## HELSE- OG SOSIALOMSORGA

RU foreslo å auke tal stillingar på ulike område; m.a. fleire psykologar, fleire tilsette i heimesjukepleien og på Kyrkjebø Sjuke- og Aldersheim. RU-forslaga blei nedstemt. Ei tid etter- på kom formannskapet med tilsvarande forslag. Da blei forslaga vedtatt og ofte samrøstes.

RU brydde seg ikkje om kva ordføraren/rådmannen og formannskapet meinte. Haldninga vår var å ta utgangspunkt i reelle behov for helse-/sosialetenester m.a. slik etaten framstilte dei.

RU foreslo å fjerne eigendelane på helse-/sosialetenester. Når dette blei nedstemt, gikk vi mot einkvar auke.

Uil DU at denne politikken framleis skal vere representert i kommunestyret? Da er RU einaste alternativet!

## STØTTE TIL FAGFOREININGANE

Dei siste åra har gitt dårlege tariffoppgjør. Lønnsauken var liten og prisauken ofte høgare. Størst skattelette til dei høgast lønna gjorde at kjøpekrafta utvikla seg dårlegast for låglønna. RU gikk mot at kommunestyret skulle vedta slike tariff-forslag. Vi blei ståande åleine.

RU blei også åleine i forslaget om at kommuneplanen skulle innehalde Lærarlaget sitt krav om å behalde ressursane i skulen trass i synkande elevtal. Fleire representantar stemte mot si eiga fagforeining.

RU-forslaget om 6 timars arbeidsdag fikk ikkje ein gong SV sine stemmer trass i at det står i programmet deira.

Uil DU at denne politikken framleis skal vere representert i kommunestyret? Da er RU einaste alternativet!

## JORD-, MILJØ- OG NATURVERN

RU gikk sterkt mot at dyrka-/dyrkbar jord skal takast til bu- tikkar, bustadformål o.l. når det er utmarksområde å ta.

RU var dei mest skeptiske til kraftutbygging og gikk inn for energiøkonomisering som alternativ.

RU interpellerte om Fundo-utsleppet i Dale-elva og oppmoda kom- munen til å støtte kravet om at giftene skulle gå i kloakk.

RU interpellerte om bossrøyk-plaga og kom på den måten med in- direkte krav om handling frå kommunen si side.

Uil DU at denne politikken framleis skal vere representert i kommunestyret? Da er RU einaste alternativet!

## "EIGNE" SAKER

RV fremma krav om at kommunestyret skulle uttale seg mot bustad-  
dyrtida som følgje av renteauken. Mot RV si eine stemme blei  
det avvist som kommunestyret uvedkommande.

AKP(m-1) kravde at kommunestyret skulle uttale seg klart mot  
"Energimeldinga" og oppnådde her eit bra resultat.

RV laga med sitt forslag på budsjettmøtet i des. 1986 opning for  
at det seinare blei oppretta fritidsheim i Høyanger.

Vil DU at ein slik politikk framleis skal vere representert i  
kommunestyret? Da er RV einaste alternativet!

## ER DEI MOT UANSETT KVA RV FORESLAR?

Du er ikkje åleine om å lure på det. Vi har lurt meir enn ein  
gong på det sjølve!

- \* RV foreslo realisert det som tidlegare var samrøstes vedtatt;  
m.a. bygging av "under-3-år-avdeling" i Høyanger barnehage.  
Dei andre partia stemte mot det inntil DNA fann det for godt  
å foreslå det sjølv og da blei det samr. vedtatt.
- \* Dei gikk mot at ny legestilling skulle knyttast til arbeid på  
utekontor på Kyrkjebø trass i at utekontor står i DNA sitt  
program.

## HØYANGER TRENG SOSIALISMEN

Vi har i grunnen tru på at DU er einig i mye (det meste) av det  
RV gjorde i kommunestyret. Samtidig er du kanskje litt skuffa  
over at vi ikkje fikk gjennomslag for standpunktta.

Mange av forslaga vi stilte blei avviste med grunngjevinga at  
det manglar pengar til det. Det er både sant og usant. Sant  
fordi sjølve kommuneøkonomien ikkje gav rom for summen av det  
vi foreslo.

Usant fordi det i Høyanger som Norge elles blir skapt enorme  
verdiar. Verdiar som er skapte av det arbeidande folket, men  
som det ikkje har råderett over. Det er pengar som blir både  
eigd og styrt av staten, bedrifter, bankar og forsikringselskap.  
Pengar som ikkje kjem folk flest til gode, men blir brukt til  
lønnsauke og parkeringshus (Stortinget), palass (Norges Bank) og  
kapitaleksport (Norsk Hydro).

RV vil at samfunnet skal ha hand om desse verdiane. Derfor var  
vi ikkje redde for å stille forslag som i og for seg føreset eit  
sosialistisk Norge. Det gjorde vi fordi sosialismen er det ein-  
aste samfunnet som kan dekke folk flest sine behov og som kan få  
slutt på at eit privilegert mindretal avgjør over fleirtalet.

## STEM RV!

På dei føregåande sidene har vi presentert noe av det viktigaste RV har kjempa for i inneverande kommunestyreperiode. Du er nok einig i mye (det meste) av dette.

Vi har heile vegen stilt spørsmål om DU vil at denne politikken framleis skal vere representert i kommunestyret. Vi trur du har svara ja. Ja, fordi du meiner RV trengst i kommunestyret.

Men for at RV skal bli representert må vi ha nok stemmer. Sist mangla vi bare ei handfull stemmer på å få 2 representantar; RV fikk 1 representant med 129 stemmer medan Venstre faktisk fikk 2 representantar med 132 stemmer.

Nå er tal kommunestyrerepresentantar redusert. Det betyr at vi treng fleire stemmer enn sist for å komme inn. Vi treng kvar einaste stemme vi kan få. Det betyr også DI! Bruk stemma di til å få inn i kommunestyret folk som ikkje godtar alt og driv med straumen. Stem inn folk som både kan og vil framføre dine ønskje, tankar og krav til kommunepolitikken. Gjør ditt til at RV blir representert med både Einar Rysjedal og Magnar Wøien. Derfor: STEM RV!

ooo00ooo

## Høyanger RV sitt program 1988-91

### INNHALDSOVERSIKT:

INNLEIING .....	s 6
FORSVAR OG FORBEIRING AV ARBEIDSPlassAR OG LønNER .....	s 7
FOR BETRE BARNEHAGAR OG SKULAR .....	s 8
STYRKING AV HELSE- OG SOSIALTENESTA .....	s 10
FOR EIN SOSIAL BUSTADPOLITIKK .....	s 12
BETRE SAMFERDSLE .....	s 12
MOT RASISME - FOR MENNESKEVERD .....	s 13
NATUR-/MILJØVERN OG ENERGISPARING .....	s 14
FOR FULL KVINNEFRIGJØRING .....	s 15
FRITID OG KULTUR .....	s 16
KOMMUNEØKONOMIEN .....	s 16
KAMP MOT KRIG - FOR INTERNASJONAL SOLIDARITET .....	s 17
FOR EIT SOSIALISTISK NORGE .....	s 18

## INNLEIING

RAUD VALALLIANSE (RV) er eit samarbeid mellom Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene) og uavhengige sosialistar. Vi stiller til val for å fremme og støtte det arbeidande folket sine krav til Høyanger kommune.

RV lovar verken gull og grønne skogar eller at programmet blir innfridd. Det siste avheng m.a. av koss kommunestyrefleirtalet stiller seg til det vi foreslår.

RV meiner at utanopparlamentariske aksjonar er vegen å gå for å få dei folkevalte til å ta riktig standpunkt i saker det står strid om. Vi vil derfor både oppmuntre til og støtte passande aksjonar og tale saka deira i kommunestyret.

DNA-regjeringa sine nedskjeringar på offentlege og sosiale gode er eit framhald av førre borgarlege regjering sin iver etter å betre betalingsbalansen og konkurransevna. Formålet er å inn-dra midlar for å kunne investere kapital i produktive og profitable næringer.

Ingen eller få kommunestyre har protestert mot denne politikken, men har i staden sett nedskjeringane ut i livet. Resultatet er at grupper, i større grad enn tidlegare, blir sette opp mot kvarandre. Vi ser det m.a. i konkurransen om midlar til skule-sektoren eller eldreomsorga.

Dersom det er nødvendig for å hindre nedskjeringar og få igang-sett nye tiltak, vil RV foreslå at Høyanger kommunestyre vedtar underskotsbudsjett. Det vil seie at ein set opp dei utgiftene som er nødvendige for å dekke innbyggjarane sine behov og stiller krav til staten om tilsvarende inntekter.

RV vil også gå inn for mogelege omdisponeringar av kommunen sine midlar. Vi vil sjå kritisk på møte- og tillitsvervgodtgjersler og anna mogeleg sløsing med skattebetalarane sine pengar.

RU aksepterer ikkje teieplikt bortsett frå den som har med personvern å gjøre. Vi vil informere, ikkje bare om offentlege organ sitt arbeid, men også om det som foregår bak kulissane. Eit eksempel er sosialsjefen i Odda som måtte gå fordi RU avslørte at han ikkje fungerte som han skulle.

RU sitt program skil seg frå andre parti. RU-programmet tar opp mange saker som tradisjonelt ikkje er kommunale saker, men krav til bedrifter, fylket og, først og fremst, staten. Det siste fordi det er staten som avgjør kva som skal behandlast og vedtakast i lokale folkevalte organ, både gjennom lovgjeving og ved å kontrollere dei økonomiske rammene. Derfor må det rettast krav til staten.

Dette lokalprogrammet omfattar i hovudsak det vi oppfattar som viktige saker i Høyanger. For dei som er interesserte i kva RU meiner om andre saker, viser vi til RU sitt landsprogram.

#### FORSVAR OG FORBETRING AV ARBEIDSPASSAR OG LØNNER

RU meiner det er svært viktig å behalde og utvikle eit allsidig næringsliv. Dette er m.a. viktig for ei fornuftig utnytting av ressursane, for norsk sjølvberging og for busettingsmønsteret. Spesielt gjeld dette bygdene og einsidige industristader.

Politikken i "Energimeldinga" truar arbeidsplassane i industri som Høyanger Verk. Resultatet av høgare kraftprisar blir utflagging av aluminium-industrien slik vi alt ser innan "ferro". RU vil derfor vidareføre arbeidet mot denne trusselen.

"Bygdeutvalet" sitt forslag om reduksjon i jordbruksoverføringar vil bety auka avfolking og at enda meir dyrka jord blir lagt brakk. Det er stikk i strid med FN sin matvarekonferanse som oppmoda alle land til å dyrke meir av maten sin sjølve.

Sentraliseringa kan bare stoppast ved oppretthalding av jordbruksoverføringane, oppfylling av inntektsmålsettinga og ved at

det blir etablert nye arbeidsplassar ute i bygdene. Dette kan bare lykkast ved at staten tar i bruk sterkare verkemiddel.

RU sine standpunkt er derfor m.a.:

- \* Kamp mot avfolking og sentralisering. Skikkeleg arbeid der folk bur og til ei lønn vi kan leve godt på.
- \* Nei til "Energimeldinga"; mot kraftprisar som trugar arbeidsplassane og mot felles kraftpris i Hydro Aluminium.
- \* Mot arbeidstokk-reduksjonar ved Høyanger Verk, mot oppsplittning i resultatteinigar og for moderniseringsprogrammet.
- \* Mot at nyetableringar støtta av Hydro Aluminium Vekst får overta arbeid som i dag blir gjort på Verket.
- \* Mot bruk av leigefirma, entreprisar, kontrakt og overtid for å redusere den faste arbeidstokkken.
- \* Nei til "Bygdemeldinga"; forsvar jordbruksoverføringane og inntektsmålsettinga.
- \* At kommunen og staten må ta i bruk sterkare verkemiddel for å få oppretta arbeidsplassar ute i bygdene.
- \* At det i staden for tettstad-etablering må tilretteleggast for etablering elles i kommunen; t.d. av "Piggfabrikken".
- \* For høgare lønn og betre arbeidsmiljø.
- \* Gjenreising av fagforeiningane si kampkraft.

#### FOR BETRE BARNEHAGAR OG SKULAR

RU sitt langsiktige mål er at skuleverket skal bygge på det arbeidande folket sitt kunnskapsbehov og det beste i arbeidar-klassen sine tradisjonar.

På kort sikt ser RU det viktig å kjempe for betre arbeidsvilkår og mot nedskjeringar. Skulen får stadig nye oppgaver, medan dei økonomiske ressursane blir trekte ut. Når barnetala nå går ned, vil RU stø Lærerorganisasjonane i kravet om å behalde ressursane for å betre skuletilbodet. Vi vil også ha ei klar forbetring av lærar-lønnene.

### Barnehagar og fritidsheimar.

RU vil m.a. gå inn for:

- \* At barnehagetilbodet alle stader i kommunen blir i samsvar med behovet.
- \* Barnehagedrift som offentleg ansvar.
- \* Utbygging av fritidsheimar for fleire aldersgrupper.
- \* At barnehagar og fritidsheimar må vere gratis; derfor heller ingen auke i foreldrebetalinga utover nåverande nivå.

### Grunnskulen.

RU vil m.a. gå inn for:

- \* Øremerka statstilskot istf. rammeløyvingar og at skulen trass synkende elevtal får behalde ressursane.
- \* At ny mønsterplan krev auka løyvingar.
- \* Reduksjon i lesetida til maks. 24 t/v på barnetrinnet og aksept for lærarane si faktiske arbeidstid.
- \* At maks. elevtal pr. klasse blir sett til 20.
- \* At bygningane ved Høyanger skule blir rusta opp slik at arbeidsforholda blir tilfredstillande.
- \* At innvandrarborn får fullverdig morsmålsundervisning.

### Den vidaregåande skulen.

RU vil m.a. gå inn for at:

- \* Skulen blir oppretthalden med minst to parallelar i allmennfagleg studieretning.
- \* Yrkesfaglege studieretningar blir fornya og utvikla i takt med tida.
- \* Kommunen hjelper tilreisande elevar med hyblar; enten med nytt hybelhus eller ved å la hybelutleige lønne seg.
- \* Forholda blir lagt til rette for at innvandrarelevar føler seg velkomne i skulen og lokalsamfunnet.

## STYRKING AV HELSE- OG SOSIALOMSORGA

Som ein viktig del av forebyggjande arbeid vil RU stø kampen for at det i Høyanger kommune er eit arbeids- og fritidsmiljø som gir helsemessig og sosial tryggleik.

Udare krev RU at det offentlege betalar kostnadane med utbygg- ing av ei helse- og sosialteneste som tar seg av dei skadane som folk er blitt påførte. Vi er prinsipielt mot eigendelar og vil kjempe for å halde desse lågast mogleg.

RU går også mot privatisering fordi det er prinsipielt forkaste- leg at det skal tenast pengar på folk sin helse og at tilbodet skal variere med lomdeboka.

Helse- og sosialtilsette har både dårleg lønn og tungt arbeid. Spesielt utkantkommunane får vanskar med tilsetting. RU stør lønnskampen fagforbunda fører og oppretting fleire stillingar.

Den kommunale helse- og sosialplanen må ikkje bare vise det reelle behovet og koss det skal dekkast. Det må også stillast pengar til rådvelde for realisering av planen.

### Eldreomsorga.

RU er mot ei eldreomsorg som betyr å samle eldre på fleirmanns- rom på store institusjonar og i trygdebustad-ghettoar. Vi krev støtte til utbetring av eldre sine bustader slik at dei kan bu heime lengst mogleg med støttetiltak som heimehjelp og heime- sjukepleie. Når dette ikkje lenger strekk til, må dei eldre tilbyast trygdebustad plassert i vanlege bustadområde eller plass i paviljongbygg. Bare sterkt pleietrengande skal vere på sjukeheimar som må oppbemannast og utstyrast deretter.

Omsorga for eldre pleietrengande blir ofte utført privat og ubetalt av familien, hovudsakleg kvinnene. Staten tener store pengar på denne ekstra-utbygtinga. RU vil også derfor ha ei kraftig utbygging av eldreomsorga for å løyse kvinnene frå dette tunge ansvaret.

I eldreomsorga vil RU m.a. gå inn for at:

- \* *Heimehjelpsordningane og heimesjukepleien blir utbygt slik at alt unødvendig institusjonsopphald kan unngåast.*
- \* *Det blir bygt 30 alders-/trygdebustader slik helse-/sosial-etaten har foreslått.*
- \* *Det blir bygt helse-/sosialsenter på "Sørsida".*
- \* *Fysioterapitenesta blir styrka og ergoterapeut blir tilsett.*

I sosialomsorga RU vil m.a. gå inn for at:

- \* *Sosialetaten blir styrka m.a. for å kunne ha kontordagar i Lavik og på "Sørsida".*
- \* *Det må satsast meir på barnevern og oppsøkande/forebyggande ungdomsarbeid.*

I helsetenesta vil RU m.a. gå inn for at:

- \* *Etableringslov for legar blir innført.*
- \* *Det i samband med oppretting av ny legestilling blir etablert utekontor på Kyrkjebø og helse-/sosialsenteret på "Sørsida".*
- \* *Det blir etablert eiga fungerande kommunal legevaktordning.*
- \* *Det blir tilsett psykiatrisk sjukepleiar.*
- \* *Det blir oppretta ei fungerande bedriftshelseteneste.*

Når det gjeld psykisk utviklingshemma går RU inn for at:

- \* *Dei psykisk utviklingshemma må få alle tilbod dei har krav på lokalmiljøet. Dette gjeld både tilpassa bustader, barnehageplassar, skuletilbod, vidareutdanning, arbeid, støttekontakt og avlastning.*

Når det gjeld psykisk helsevern går RU inn for at:

- \* *Det må iverksettast nødvendige tiltak slik at det psykiske helsevernet kan rustast opp til å dekke det verkelege behovet for behandling og integrering i lokalmiljøet.*
- \* *Psykiatri-planen for Sogn og Fjordane må realiserast.*

## FOR EIN SOSIAL BUSTADPOLITIKK

Dei siste åra har bukostnadane auka grassat. At enkelte brukar nesten halve netto-lønna til hus, skyldast i første rekke forverring i lånevilkåra; både i Husbanken og andre bankar.

Mange Hydro-arbeidarar bur under uverdige forhold på brakker der dei har bare 6 kvadratmeter for seg sjølve. Dette står i skarp kontrast til koss enkelte bedriftsleiarar og ingeniørar har fått lagt forholda til rette.

RU går m.a. inn for at:

- \* Vanlege folk sine bu-utgifter ikkje må overstige 20 % av gjennomsnittleg industriarbeidarlønn.
- \* Husbank-låna må dekke 80 % av kostnadane, renta må senkast avdragstida må forlengast.
- \* Sentralstyresmaktene må tvinge bankane til ein kraftig reduksjon i renta på bustadlån.
- \* Hydro må bygge mange fleire "Fjellvegen-leilegheiter" til arbeidarane i staden for brakker.
- \* Hydro framleis sørgjer for "billegstraum" til tilsette.
- \* Kommunale avgifter og straumprisar ikkje blir auka utover dagsens nivå.

## BETRE SAMFERDSLE

Eit godt utbygt samferdslenett er viktig for oppretthalding av busettingsstrukturen og for å gi alle innbyggjarane i kommunen lik rett til å bruke dei tilboda som finst.

Utifrå dette går RU mot nedskjeringar på offentlege løyvingar til samferdsle og kollektivtransport. I staden for nedskjering, trengst utbygging.

RU vil m.a. gå inn for at:

- \* Rutetilboda frå/til Høyanger tettstad blir styrka.

- \* Lokalrutene i Høyanger kommune blir styrka; spesielt frå/til "Sørsida" og Kyrkjebø - Høyanger.
- \* Meir bygging av gang-/sykkelvegar i hard trafikkerte område.
- \* Utbetring av dårlege vegar; spesielt Vadheim - Høyanger, over Lavikdal og Ikjefjord - Ikjefjord-brua.
- \* Gatelys, lågare fartsgrense og vegsikring der nødvendig.

#### MOT RASISME - FOR MENNESKEVERD

Rasismen er ein grov og fordummande undertrykkingsideologi som fører til diskriminering og vald mot innvandrarak frå den tredje verda. RU meiner det er svært viktig å gå mot alle former for rasisme. Vi vil foreslå tiltak mot både den tiltakande kvar-dagsrasismen og den meir uttrykte ideologiske rasismen.

RU meiner at innvandrarakane gjør det norske samfunnet rikare gjennom ulike kulturak og representerer ein viktig ressurs. Vi vil derfor arbeide aktivt for at Høyanger kommune tar mot fleire asylsøkarar.

RU går derfor inn for at:

- \* Høyanger kommune blir tømt for israelske og sør-afrikanske varer.
- \* Det blir løyvt pengar til anti-rasistiske organisasjonar.
- \* Fagforeiningane sine framstøyt mot rasistiske uttrykk på arbeidsplassane får full støtte.
- \* Innvandrarakborn får fullverdig morsmålsundervisning og at løyvingane til norskopplæring for alle innvandrarak blir auka. I samband med dette må lærarak som underviser framand-språklege elevar få høve til å delta i kurs og anna opplær-ingsverksemd som dei finn naudsynt.
- \* Kunnskap om rasisme blir ein obligatorisk del av undervisninga på skulane.
- \* Nazistiske og rasistiske organisasjonar blir forbodne.
- \* Innvandring-stoppen som diskriminerer folk frå den 3. verda blir oppheva.
- \* Det blir gitt stemmerett til innvandrarak og flyktingar etter 2 års opphald i Norge.

Kapitalismen betyr rovdrift på natur og ressursar. Livsmiljøet for menneske, dyr og plantar er trua av dette. Profittomsyn går framfor økonomisering og planlegging utifrå felleskapet sine behov. Dersom det levande livet skal bevarast, må det skje ei radikal omlegging gjennom samfunnsmessig styring. RU meiner at dette bare er mogleg under sosialismen der pengemakta blir erstatta med folkemakt.

Natur-/miljøvern og ressurs sparing er livsviktig allereie i dag. Sur nedbør har ført til fiskedød i distriktet, vil gå ut over jord- og skogbruket og true den økologiske balansen. RU vil derfor stø den kampen natur- og miljøvernørsla fører og tale denne si sak i kommunestyret.

Samtidig som industrien krev meir elektrisk kraft sløsar den bort store energi-mengder. Dette gjeld først og fremst kraftkrevande industri som t.d. Hydro. Mye av energien som blir brukt til aluminium-framstilling, blir omgjort til varme. RU krev at denne varmeenergien ikkje må gå til spille, men brukast. Den delen som Verket ikkje brukar sjølv, må gå til kommunen for oppvarming av offentlege bygningar/anlegg (t.d. fotballbana) i staden for å bli pumpa i sjøen som nå.

RU vil m.a. gå inn for at:

- \* Bosstippen blir forbetra; m.a. med betre lense-system slik at Høyangerfjorden ikkje blir ytterlegare tilgrisa av skrot.
- \* Skadelege utslepp frå Høyanger Verk, enten dei går i luft eller sjø, må reinsast betre enn i dag.
- \* Det blir gitt pålegg om at skadelege utslepp i Dale-elva m.a. frå Fundo blir stoppa.
- \* Varmeenergi frå Verket som fabrikkjen ikkje brukar sjølv, må kommunen få gratis eller svært rimeleg slik at den kan brukast til noe fornuftig.
- \* Det blir tatt kraftigare tiltak mot sur nedbør, også den "norskproduserte" og at kalkingsarbeid blir intensivert.
- \* Styrka kamp mot gjenvinningsanlegg for atomavfall i Downrey.
- \* Oljevernberedskapen må bli eit statleg ansvar.

## FOR FULL KVINNEFRIGJØRING

Auka kvinneleg yrkesdeltaking har gjort kvinnene meir økonomisk uavhengige. Men det er langt fram til full kvinnefrigjøring og full likestilling mellom kvinner og menn. Det manglar framleis mye på at arbeidsplassar er tilrettelagt for at begge kjønn skal ha same rett til lønna arbeid. Arbeidsmarknaden er kjønnsdelt; kvinnelønnene er lågare og kvinnearbeid har lågare status og er ofte rutinearbeid. Lønna følgjer ikkje yrke, men kjønn. Mange av kvinnejobbane er nyoppretta stillingar i offentleg sektor, i omsorgsarbeid og kontorarbeid. Offentlege nedskjeringar rammar spesielt kvinnearbeidsplassar.

Kvinnene har framleis hovudansvaret for born og heim. Derfor må mange kvinner velje deltidsarbeid for å rekke over alt. Det er uheldig fordi det gjør kvinnene økonomisk avhengige av menn. Kravet om 6 timars arbeidsdag er derfor eit hovudkrav.

Staten gjør seg rik på at kvinnene utfører gratis omsorgsarbeid; spesielt med born og eldre. Kravet må derfor vere ei sterk utbygging av den offentlege; eldreomsorga og barnehagane, slik at kvinne blir fri frå dette hovudansvaret.

Pornoen gjør kvinnekroppen til ei vare for sal der kvinnene blir framstilte som bruksgjenstand for menn. Det uttrykker forakt og oppmodar til vald mot kvinner. Ein stor del av valdtektene og kvinnemishandlinga er direkte inspirert av pornoen.

RV går derfor m.a. inn for at:

- \* *6 timars arbeidsdag med full lønns- og stillingskompensasjon blir innført.*
- \* *Lovfesting av 1 års svangerskapspermisjon med full løn og opptening av feriepengar og pensjonspoeng.*
- \* *Kvinnene blir fritatt frå det private ulønna omsorgsansvaret ved kraftig utbygging av barne- og eldreomsorga.*
- \* *Fleire arbeidsplassar blir tilrettelagt for kvinner.*
- \* *Norge blir pornofritt.*
- \* *Krisesentra får auka offentleg støtte.*
- \* *Lovfesta rett til avlasting for einslege foreldre.*

## FRITID OG KULTUR

Eit godt utbygt fritidsmiljø med tilbod til alle grupper er eit viktig vilkår for eit meningsfylt tilvære. Det er dessutan ein viktig del av forebyggjande helse- og sosialarbeid.

RU vil m.a. gå inn for:

- \* Sterkare utbygging av fritidsheimar.
- \* At fritidsklubbar om nødvendig får utvida opningstid, og ressursar/utstyr til skikkeleg drift.
- \* At lag og organisasjonar som driv aktiviserande arbeid må få auka støtte.
- \* Tilsetting av ungdoms- og idrettssekretær om nødvendig ved at arbeids- og lønnsforholda blir omlagt.
- \* Avsetting av midlar til forebyggjande arbeid blant born og ungdom.
- \* Snarleg utviding og forbetring av grusbana ved Høyanger sentralidrettsanlegg samtidig som spillvarmen blir nyttiggjort til at bana kan brukast best mogeleg heile året.
- \* Snarleg realisering av nytt konsesjonstilknytta klekkeri.
- \* Reising av arbeidarstatue i riksveg-krysset ved Verks-porten.
- \* Innsamling og oppbevaring av historisk materiale frå/om Høyanger for å gjøre det tilgjengeleg for folk flest.
- \* Uthetring og utviding av bibliotektilbodet.

## KOMMUNEØKONOMI

Føresetnaden for gjennomføring av kommunale oppgåver er at det er økonomi til det. Den nåverande krisa i kommuneøkonomien skyldast fleire forhold som må gjørast noe med.

For det første har staten pålagt kommunane fleire oppgåver utan å gi dei tilsvarande økonomisk evne. For det andre har dei økonomiske overføringane ikkje auka i takt med auken i utgiftene.

Arsaka til den statlege innstrammingspolitikken ligg ikkje i at staten manglar pengar. Det skyldast sentralstyresmaktene sin

iver etter "å dempe veksten i de offentlige utgifter". Formålet med dette er at pengane skal haldast på private hender slik at kapitalen kan investerast utafør offentleg sektor. Slike investeringar, gjerne utanlands, er nemleg meir lønnsame enn å bygge ut eldreomsorg og barnehagar.

RU vil protestere mot denne politikken og krev m.a. at:

- \* *Verdiar skapte i Norge av det arbeidande folket må brukast innanlands til oppretthalding og utbygging av offentlege og sosiale gode.*
- \* *Økonomiske overføringar frå staten må minimum auke i takt med utgifts-auken.*
- \* *Skattesystemet må sørge for at også rikfolk og bedrifter må betale skatt av reell formue og inntekt.*
- \* *Høyanger kommune om nødvendig vedtar underskotsbudsjett for å oppretthalde og få igangsett nødvendige tiltak.*

#### KAMP MOT KRIG - FOR INTERNASJONAL SOLIDARITET

Supermaktene Sovjet og USA konkurrerer om verdsherredømme. Denne striden truar med å kaste verda ut i ein ny storkrig. Dette betyr at den norske forsvarsevna og den sivile beredskapen (spesielt mot atomkrig) må styrkast.

Mange stader i verda er frigjøringsrørslar i vepna kamp mot okkupasjon og utanlandsk innblanding. Desse frigjøringsrørslene har krav på vår støtte.

RU går inn for at:

- \* *Det blir bygt eit sterkt og uavhengig invasjonsforsvar utafør NATO og at den sivile beredskapen må styrkast.*
- \* *Det blir gitt politisk, materiell og humanitar støtte til frigjøringsrørslene i Afghanistan, El Salvador, Eritrea, Kampuchea, Palestina osv.*
- \* *Det blir gitt støtte til opposisjonen i Aust-Europa, spesielt Solidaritet i Polen og Charta 77 i Tsjekkoslovakia.*

## FOR EIT SOSIALISTISK NORGE

Vi lever i eit kapitalistisk samfunn som skapar økonomiske kriser og krig. Kapitalistklassen vil i samarbeid med staten alltid velte byrdene av krisa over på det arbeidande folket ved å redusere kjøpekrafta, kaste folk ut i arbeidsløysse og ved å skjere ned på offentlege og sosiale gode.

Den einaste verkelege løysinga er derfor å kjempe for eit nytt samfunn, sosialismen, eit samfunn der folk sine behov og ikkje kapitalen sin profitt styrer arbeids- og samfunnsliv.

RU slår fast at vi får ingen sosialisme ved hjelp av stemmesetelen. Dersom fleirtalet av folket stemmer for sosialismen ved val, vil herskarane sannsynlegvis avskaffe dei demokratiske rettane og undertrykke folket med vald slik det skjedde i Chile.

Derfor meiner RU at sosialismen bare kan innførast ved revolusjon, dvs. at det arbeidande folket tar makta i samfunnet. Revolusjonen må gjennomførast av folkefleirtalet, og ikkje som eit mindretalskupp. Den private eigeomsretten til produksjonsmidla vil bli avskaffa. Produksjonen kan dermed planleggast utifrå folk sine behov, og ressursane kan utnyttast på ein planmessig og økonomisk måte. Bare eit slikt samfunn kan fri oss frå økonomiske kriser og krig. Derfor sosialisme. Derfor RU.

STEM RAUD VALALLIANSE VED KOMMUNESTYREVALET 1987 !

# HØYANGER RAUD VALALLIANSE

si liste

ved kommunestyrevalet 1987 i Høyanger

1-2	Industriarbeidar	Einar Rysjedal
3-4	Adjunkt	Magnar Wøien
5-6	Industriarbeidar	Oddvar Ølmheim
7-8	Hjelpepleiar	Randi Aven
9-10	Sjåfør	Harald Kjønås
11	Førskulelærer	Siv Kvamme
12	Sjukepleiar	Audun Rørvik
13	Førskulelærer	Berit Karin Løland
14	Skulptør	Geir Sverre Hjetland
15	Hjelpepleiar	Eli Gudvangen
16	Industriarbeidar	Arild Ullebø
17	Industriarbeidar	Lisbeth Dregelid
18	Industriarbeidar	Ottar Uglum
19	Industriarbeidar	Arne Bjordal
20	Servitør	Per Michael Frichsen
21	Industriarbeidar	Per Martin Gudvangen
22	Industriarbeidar	Dag Gunnarskog
23	Arbeidsleiar	Kjell Heggø
24	Sjukepleiar	Reidun Håland
25	Kontorassistent	Rita Kvamme
26	Industriarbeidar	Svein Rune Moi
27	Barnevernspedagog	Thorbjørn Olsen
28	Førskulelærer	Tove Skjerven
29	Industriarbeidar	Morten Taule
30	Elektrikar	Per Helge Vangsnes
31	Lektor	Per Vassbotn
32	Industriarbeidar	Jan Henning Øyehaug

**TOM SIDE**